

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 15.06.2021

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Vestland fylkeskommune står på opphavelag innsendt proposisjon frå fylkestinget juni 2018, og ber om at denne vert fremma for Stortinget.»

### Avrøysting

Hammer sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.  
Innstillinga vart vedteke mot 5 røyster (FNB, SV, U, FRP)

### Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget viser til Bømlo kommune sitt ønskje om ei anna innretting av revidert Bømlopakke. Fylkestinget vil på grunnlag av dette anmode Samferdselsdepartementet om å fremje eit nytt utkast til proposisjon til Stortinget basert på punkt 2 til 12 i dette vedtaket. Om det viser seg at proposisjonen etter vedtak i denne saka ikkje kan bli fremja for Stortinget før stortingsvalet hausten 2021, ber fylkestinget om at den opphavelage proposisjonen etter fylkestinget sitt vedtak i juni 2018 vert fremja for Stortinget.
2. Fylkestinget sluttar seg til det føreslåtte opplegget for revisjon av Bømlopakken slik det er skissert i denne saka. Dette inneberer eit bompenggebidrag på 494 mill. 2021-kr. i den reviderte pakken. Fylkeskommunen skal bidra med 171 mill. 2021-kr. inkludert mva-refusjon. Pakken skal finansiere følgjande 3 prosjekt i prioritert rekkjefølgje:
  - a. Fv 541 Sakseid - Hestaneset
  - b. Fv 542 Notland - Mosterhamn
  - c. Fv 541 Sakseid - Ekornsæter
3. Om det står att midlar i pakken, vert det sett av ei ramme til mindre utbetringar av fylkesvegnettet på Bømlo. Følgjande tre prosjekt skal prioriterast i prioritert rekkjefølgje:
  - a. Totlandsvegen - Grindheimsvegen
  - b. Laurhammerkjosen - Olakjosen
  - c. Grønnevik - SakseidOm det er attståande midlar i pakken, kan desse nyttast til andre prosjekt.
4. Det vert lagt til grunn at utbygging av den reviderte pakken skal skje i perioden 2022 - 2027.
5. Dagens innkrevjing på Spissøy med to-vegs innkrevjing blir vidareført. Bompenggeinnkrevjinga på ferjesambandet Langevåg- Buavåg skal fortsette i heile bompenggeperioden med kronepåslag på ferjetakst.
6. Ved bruk av elektronisk brikke får køyretøy i takstgruppe 1 ein rabatt på 20 pst. Det blir ikkje gitt rabatt til køyretøy i takstgruppe 2. Det er lagt til grunn at nullutsleppskøyretøy skal ha inntil 50 pst. av taksten for konvensjonelle køyretøy. Det er lagt til grunn innføring av eit månadleg passeringstak på 30 passeringar for takstgruppe 1, og 40 passeringar for takstgruppe 2. Når innkrevjinga i dei nye bomstasjonane startar, er det lagt til grunn ei gjennomsnittleg inntekt per passering på omlag 50 kr (2021-kr). Dette svarar til ein grunntakst på om lag 69 kr (2021-kroner) for køyretøy i takstgruppe 1 (køyretøy med tillat totalvekt til og med 3500 kg samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale). Køyretøy i takstgruppe 2 (køyretøy med tillat totalvekt frå og med 3501 kg ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale), betaler dobbelt takst.
7. For ferje blir det lagt til grunn eit kronepåslag på for bompenggedelen på ferjebilletten på 20 2021-kroner for køyretøy med lengde opptil 6 meter (bilgruppe AP1). For køyretøy med lengde mellom 6 og 12,5 meter (bilgruppe AP2-AP4) er bompenggetaksten 40 2021-kroner. For køyretøy over 12,5 meter (bilgruppe AP5-AP9) er bompenggetaksten 60 2021-kroner.
8. Om gjennomsnittleg inntekt pr passering kjem under 50 2021-kroner, vert det lagt til grunn at grunntaksten vert justert slik at gjennomsnittleg takst pr passering kjem opp på 50 2021-kroner.
9. Bompenggeperioden er sett til 15 år frå innkrevjingstart.
10. Fram til innkrevjinga kan starte i det nye bompenggeopplegget, fortset innkrevjinga som før i eksisterande bomstasjon på Spissøya og i ferjesambandet Langevåg-Buavåg.

11. Under føresetnad av godkjenning av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, garanterer Vestland fylkeskommune ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa til 620 mill. 2021-kr for heile Bømlopakken, med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar. Det samla garantibeløpet vert følgjeleg 682 mill. 2021-kr. Garantibeløpet vert redusert i takt med nedbetaling av lånet. Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar.
12. Garantien gjeld frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Vestland fylkeskommune i byggjeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år frå oppstart på innkrevjinga i revidert bompengepakke. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år. Samla garantitid vert, inkludert byggjeperioden, på inntil 17 år.
13. Dersom det kjem nye og meir effektive innkrevjingsmetodar i bompengeperioden skal desse vurderast.